

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 28.01.2022, kl. 09:00-13:30

MØTESTAD: Videomøte

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Anne Sissel Faugstad	Fung. styreleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen (deltok frå møterom 4/video)

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Øystein Hellesteth, økonomidirektør
Asle Kjørlaus, kst. fagdirektør
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Vidar Øvrebø, kst. stadleg leiar Lærdal sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IKT-sjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Marianne Strandos, seksjonsleiar
Siri Anita Medalen, overlege

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
001/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden
002/2022	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 17.12.2021
003/2022	Administrerande direktør si orientering
004/2022	Rapportering frå verksemda per desember 2021
005/2022	Utviklingsplanen - Helse Førde HF
Saker til orientering:	
006/2022	Nye Førde sjukehus - løypemelding
007/2022	Rekrutteringsstrategi - status
008/2022	Eventuelt
	Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Fung. styreleiar Anne Sissel Faugstad ønska styret, administrasjonen og tilhøyrar velkommen til dagens styremøte som var eit videomøte.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Seksjonsleiar Strandos og overlege Medalen orienterte om :**Tryggleikpsykiatri**

- Opning av lokal tryggleikspost i Helse Førde mai 2021
 - Ny seksjon for psykose og tryggleik i splitter nytt sjukehusbygg 2021
 - Rekruttering, opplæring og status i dag
- Tryggleikpsykiatri
 - Kva er tryggleikpsykiatri?
 - Tryggleikpsykiatri i Noreg
 - Målgruppe og endringar seinare år/inntakskriterie
 - Dom på overføring til tvunge psykisk helsevern
 - Vanlege diagnosar i tryggleikpsykiatrien
- Korleis vi samarbeider med regional sikkerheitsavdeling i Bergen
Vi har månadlege videomøter. Overføring av pasientar/ Helse Førde sin bruk av regionale plassar.
- Ambulant tryggleiksteam
 - Føremål, organisering, oppgåver, visjon
- Visjonar og forslag til løysingar på framtidens utfordringar

Styret takka for ei interessant orientering.

Sak 001/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Fung. styreleiar Faugstad leia møtet og orienterte om dagsorden, med ei kort orientering om køyrereglar for dagens digitale styremøte. Styremøte hadde fagleg orientering.

Nye dokument var ettersendt:

- Styresak 004/2022 «Rapportering frå verksemda per desember 2021»
- Høyringsvar frå Høgskulen på Vestlandet til utviklingsplanen
- Årsmelding 2021 frå Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 002/2022 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 17.12.2021

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 17.12.2021.

Sak 003/2022 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia med presentasjon av ny samhandlingssjef Dagrund Kyrkjebø, som byrja i stillinga 3. januar.

Orienteringa hadde tre nye punkt:

10. Ambulansebåtar
11. Vestlandslegen – status
12. Aktuelle mediesaker

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Korona – status i Helse Førde**

Adm. direktør Varden orienterte om status Korona

- Fire pasientar innlagt, ein ligg i respirator
- Vi førebur oss på at det kan bli fleire innleggingar og større sjukefråvær
- 77,5 prosent av dei tilsette har fått tredje dose
- Stort press på mikrobiologisk avdeling

Kst. fagdirektør Kjørskog orienterte om:

- Oppdaterer planar slik at dei er tilpassa noverande fase i pandemien. Omikron-scenario tilseier at det er medisinsk avdeling som vil få flest covid-pasientar.
- Reglar for besøk. Forvirring i rutinar er utilsikta konsekvens av pandemien. Medieinteresse Kvinneklubben

5. Ny samhandlingssjef

Jf innleiing

6. Forskings- og innovasjonssatsing – ny tildeling

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om:

- Nytt større forskingsprosjekt:
Ei vidareutvikling av Norse Feedback-prosjektet til nye område. Vi har fått tildelt 6 millionar frå Helse Vest. Det blir utlyst 3 doktorgradsstipend.
- Nytt innovasjonsprosjekt:
Datadrivne klinisk praksis på tvers av klinisk kontekst. Vi har fått tildelt 1,2 millionar frå Helse Vest.

7. Endringar i bioteknologilova - tidleg ultralyd

Direktør Guldhav orienterte om endringar i bioteknologilova mai 2020.

Alle gravide får tilbod om ei ultralydundersøking i veke 11-14. Aldersgrensa for fosterdiagnostikk endra frå 38 til 35 år.

Kvinneklubben har gjennomført opplæring i samarbeid med Haukeland sjukehus for ultralydsjordmødre og overlegar. Starta med tilbod til alle over 35 år. NIPT-analysert på Ullevål sjukehus, Haukeland universitetssjukehus opprettar tilbod vi vil nytte.

8. Høyring – Nasjonal fagleg retningslinje for somatiske akuttmottak

Direktør Vingsnes orienterte om høyringa som får full støtte av Helse Førde.

Overskrifter i den nye retningslinja vart gjennomgått og kommentert:

- ✓ Akuttmottak bør samarbeid tett med dei instansar som tilviser pasientane dit

- ✓ Prioritering av pasientar og bruk av team
- ✓ Diagnostikk, overvaking og behandling
- ✓ Sporsikring og skadedokumentasjon
- ✓ Munnleg kommunikasjon
- ✓ Tverrfagleg samarbeid
- ✓ Akuttmottaka skal ha system for å følgje drift og aktivitet i avdelinga
- ✓ Avdelinga bør ha rutinar for å handtere kritisk fullt akuttmottak
- ✓ Utsending av pasientar
- ✓ Akuttmottaka bør ha tilknytte observasjonspost
- ✓ Pasientmedverknad
- ✓ Kompetanse
- ✓ Opplæring, vidareutdanning og etterutdanning
- ✓ Avdelinga skal gjennomgå avvik og uønska hendingar, samt arbeide systematisk med kvalitetsforbetring
- ✓ Avdelinga skal ha ein ansvarleg leiar med overordna og heilskapleg ansvar
- ✓ Lokale og utstyr

9. Høyring – Forslag til endringar i Akuttmedisinforskrifta

Direktør Guldhav orienterte om høyringa, som omhandlar

- Utrykkingskompetansebevis - nytt forslag minst 1
- Førarkort aktuell køyretøyklasse – nytt forslag begge 2 i bilen
- Ambulansebåtar

Største endringa er endra kompetansekrav til vikarar. Vi ber om at overgangsordninga som gjeld til mai 2022 bør vidareførast.

Det blir eit felles høyringssvar frå Helse Vest.

10. Ambulansebåtar

Direktør Guldhav orienterte om status for ambulanssebåtar.

- Grunna covid-19 er det risiko for noko forseinking knytt til levering av vassjet frå New Zealand
- Helse Førde har på plass beredskapsferje til Atløy
- Framdrifta er god i høve samarbeid med Askvoll kommune og Bremanger kommune og vi har fokus på å halde dei informert om progresjon i arbeidet
- Det er god kommunikasjon med tilbydar GulenSkyss

Døgnbilen i Ytre Bremanger vert vidareført ein månad.

Justert tidsplan Solund vart skissert.

11. Vestlandslegen – status

Adm. direktør Varden orienterte om status januar 2022.

Helse Førde deltek i det regional samarbeidet om å utvikle studieplanen. Det har vore møte mellom Universitetet i Bergen og Helse Førde. Det er etablert samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Sunnfjord kommune støttar arbeidet med å etablere Vestlandslegen.

Vi er litt utålmodige, og skulle gjerne vore komt lenger i prosessen.

Styret støttar at adm. direktør tek dette opp i det regionale samarbeidet.

12. Aktuelle mediasaker

Adm. direktør Varden orienterte om to mediasaker siste veke:

- Statsforvaltaren i Vestland om at Helse Førde ikkje gav forsvarleg helsehjelp i sengehestsaka. Vi har gjennomført hendelsesanalyse, og det er sett interne fristar for gjennomføring av tiltak.
- Det er avdekka medikamentsvinn i ei avdeling. Saka er meldt til politiet. Vi følgjer saka opp i tråd med retningslinjer og vi avventar no politiet si avgjerd.

Styreleiar Faugstad tok opp at det er viktig at vi har gode retningslinjer når slike saker blir avdekt.

Styret stilte spørsmål i forhold til at tilsette i vikarbyrå som Helse Førde nyttar ikkje har fått utbetalt korrekt lønn.

HR-direktør Skjelten orienterte om saka

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 004/2022 Rapportering frå verksemda per desember 2021

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Aktivitet innanfor somatikk, målt i DRG-poeng og utan H-resept, viser 4,5 prosent høgare enn budsjett
- Gjennomsnittleg ventetid for behandla i somatikk var 69 dagar
- Ventetid for ventande var 68 dagar. Det er ØNH (kjeve)-avdeling og augeavdeling som har lengst ventetid for ventande
- Innan Psykisk helsevern er aktiviteten på same nivå som førre månad
- Fristbrot viser 106 i desember, flest på kirurgisk avdeling (49)

- Nytilviste i perioden var ein prosent lågare enn same periode i fjor
- Administrerande direktør presenterte eit foreløbig resultat på 20,5 millionar som er i tråd med prognose om er varsla gjennom hausten i fjor. Dette er ca 14 millionar bak budsjettert resultat på 34 millionar
- Område med meirforbruk i 2021 er spesielt H-resept, medisinsk heimebehandling og personalkostnader
- Sjukefråværet var 7,9 prosent i november. Førebels tal for desember viser sjukefråvær på 8,2 prosent
- Vi har reetablert klinisk ressursgruppe, som kan bidra til å flytte personell mellom avdelingar ved behov

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 69 dagar
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser auke
- Vi må fortsatt ha fokus på barn og unge
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 106 nye i desember

Rapportering om:

- Trygg pleie/trygg kirurgi
Vi har oppnådd resultat på 55 – 68 prosent. Måltall er 90 prosent
- GTT – pasientopphald med pasientskade målt med metoden GTT, skal reduserast til 10 prosent innan 2023
- Avvikssaker i Synergi
Innmelde saker var redusert med 10 prosent. Vi må jobbe vidare med meldingskulturen
- Kliniske behandlingsstudiar, viser at vi hadde åtte i 2021. I styringsdokument 2021 er det føringar om auke med minst 15 prosent samanlikna med året før

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Overordna pasientflyt per desember viser

Nytilviste 5 618	Totaltø 47 368	Avslutta 5 595
------------------	----------------	----------------

Det vart god aktivitet i somatikk. Aktivitet i psykisk helsevern var omlag som førre månad.

Rekneskapen etter første stenging viser no 20,5 millionar. Det kan kome endringar. Det er eit godt resultat sett i lys av pandemien. Drifta er bra. Utfordringa blir utviklinga i medisinsk heimebehandling og å ta ned drifta etter pandemien.

Pandemien – estimert resultateffekt er 8 millionar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per desember 2021 til vitende.

Sak 005/2022 Utviklingsplanen - Helse Førde HF

Oppsummering:

Utkast til revidert utviklingsplan vart send på intern og ekstern høyring 8. desember 2021 med høyringsfrist 17. januar 2022. Planutkastet er ei vidareføring av utviklingsplanen frå 2018, men er oppdatert og justert med nye føringar. Denne gongen er utviklingsplanen heildigital, med ei eiga nettside. Helse Førde har delteke i eit regionalt arbeid i Helse Vest om «Neste generasjon plan» med omgjerung av planane frå papir til digital løysing. Målet med digitale planar er å gjere dei meir tilgjengelege og lettare å oppdatere.

Helse Førde har motteke 10 innspel i høyringsperioden, mellom anna frå Helse Fonna, NAV Vestland, Helse Bergen, KS Vest, Universitetet i Bergen, Felles brukarutval i Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane, og Høgskulen på Vestlandet.

Adm. direktør Varden innleia om utviklingsplanen, og viste til høyringsuttale frå Felles brukarutval som vil bli oppfulgt.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om utviklingsplanen, som er ein overordna plan for korleis helseføretaket vil utvikle verksemda si for å møte det framtidige behovet for spesialisthelsetenesta. Vi er første helseføretak i Norge som har ein digital utviklingsplan.

Utviklingsplanen har følgjande innsatsområde:

- 1. Pasientens helseteneste*
- 2. Kvalitet og pasienttryggleik*
- 3. Oppgåvedeling og samhandling*
- 4. Organisering og leiing*
- 5. Bemanning og kompetanse*
- 6. Forsking og innovasjon*
- 7. Økonomi*
- 8. Teknologi og digitalisering*
- 9. Bygg*
- 10. Samfunnsansvar*

Nokre nye føringar og endringar som vi har søkt å ta omsyn til:

- Helsefellesskap*
- Det utadvendte sjukehuset*
- Utvikling innan digitalisering*
- Oppdatere befolkningsframskrivingar*
- Auke innsats på rekruttering, utdanning og dekke framtidig kompetansebehov*
- Innovasjon og forskning*
- Samfunnsansvar, grønt sjukehus*

Styret kommenterte på ein god utviklingsplan, med gode tilbakemeldingar.

- Imponert over arbeidet som er lagt ned*
- Tilgjengeligheten er betre i eit digitalt dokument*

- *Honnør til Helse Førde for arbeidet med digital utviklingsplan. Dette blir lagt merke til også i regionale helseføretak*
- *Interessant for styret å bli løpande orientert gjennom året*

Styret ønsker at utviklingsplanen kan vere tema i eit styreseminar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner Utviklingsplan Helse Førde 2035 med dei justeringar administrerande direktør har føreslege å ta inn frå høyringsrunden.
2. Utviklingsplanen vert send til Helse Vest innan 1. mars 2022.
3. Styret legg til grunn at utviklingsplanen vert fortløpande oppdatert med statusmeldingar om måloppnåing, data og andre mindre justeringar.

Saker til orientering:

Sak 006/2022 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Prosjekt Nye Førde sjukehus er i god rute med å gjennomføre planlagt arbeid. Samarbeidet og dialogen med totalentreprenør Veidekke er god.

Livabygget har god framdrift med reising av råbygget, litt føre opphavleg plan.

Ombygging av første etasje i eksisterande sjukehus går godt, og Veidekke melder at vi vil rekke dei oppsette måla for framdrift.

Det blir jobba godt med HMS i prosjektet.

Det er gjennomført eit omfattande arbeid med avklaring av føresetnadar for detaljprosjekteringa, og Helse Førde sin driftsorganisasjon har medverka på ein svært god måte.

Den store risikoen i Nye Førde sjukehus er knytt på differanse mellom deflator og kostnadsindeks. Grunnarbeid er ferdigstilt og risiko knytt til dette er lukka.

Sluttprognosen for Nye Førde sjukehus ligg 40 millionar over budsjett. Hausten 2022 skal det gjennomførast prioritering knytt til Svana 2 og Svana 3 for å finne dei nødvendige innsparingane og trygge eit totalprosjekt innanfor vedteken investeringsramme.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 007/2022 Rekrutteringsstrategi - status

Oppsummering:

Helse Førde starta i 2019 opp prosjekt «Rekrutteringsstrategi for Helse Førde». Arbeidet var omfattande og prosjektet vart ferdigstilt i januar 2021.

På eit overordna nivå kan ein rekrutteringsstrategi definerast som «*ein langsiktig plan som estimerer kva personalbehov Helse Førde vil få i åra framover, og korleis føretaket skal gå fram for å bekle dei ledige stillingane med die beste kandidatane*».

Ein rekrutteringsstrategi er meir omfattande enn berre sjølve rekrutteringsprosessen. Den omfattar dei 4 kjerneområda «Rekruttere, Behalde, Utvikle og Utdanne» våre medarbeidarar og leiarar.

Delprosjekt «Legerekruttering» vart på forhand definert som eit eige satsingsområde. Det vart såleis sett ned eit eige prosjektdirektiv for dette delprosjektet, det inneheld satsingsområde som gjeld for ei definert gruppe tilsette og kjem i tillegg til ein overordna rekrutteringsstrategi som gjeld for heile Helse Førde.

Prosjektgruppa valde å dele ferdig strategi i to delar, det eine dokumentet er sjølve strategien vår (som kan stå som eit levande dokument over tid), samt eit eige dokument som inneheld tiltakskort som kan implementerast i føretaket. På denne måten kan ein prioritere kva tiltak som skal settast inn for å understøtte dei ulike måla. Det viktigaste arbeidet framover vert å prioritere og implementere blant dei ulike tiltak som er foreslått og som ligg i vedlegget tiltakskort.

Adm. direktør Varden innleia om saka.

HR-direktør Skjelten orienterte om status for rekrutteringsstrategien i Helse Førde.

Legerekruttering, med tre tiltak, blir det viktigaste av dei planlagde tiltak 2022.

Vegen vidare:

- *Utvikling i samfunnet gjennom pandemien tyder på at det vil bli vanskelegare å rekruttere kvalifisert arbeidskraft i framtida*
- *Adm. direktør ønskjer større fokus på oppfølging av strategien med tilhøyrande tiltak i 2022 – viktig å frigjere tid hos involverte.*
- *Særleg legerekruttering krev auka innsats, og første delprosjekt er plassert inn under direktør Psykisk helsevern*
- *Kostnadsestimat er ikkje kvalitetssikra, og kan krevje omprioritering av midlar for å kunne implementere tiltaka*

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si orientering om status Rekrutteringsstrategi for Helse Førde til vitende.

Sak 008/2022 Eventuelt

Styremedlem Sandal kommenterte Vedtekter, § 5 Hovudoppgåver:

- *Retting i siste setning i første avsnitt: Omsynet til brukarane skal bli lagt til grunn ...*
- *Også nemne styret og føretaksleiinga si rolle*

Styremedlem Eriksen sa at vedtekter blir endeleg vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF.

Styremedlem Kapstad kommenterte at no er vedtekter endeleg på nynorsk.

Styremedlem Thorsnes kommenterte på dokumentet Årleg melding 2021. Det manglar tekst om heiltid og deltid i det oppdaterte dokumentet.

Adm. direktør Varden orienterte om utlysing av to stillingar:

- Fagdirektør, blir utlyst medio februar
- Stadleg leiar ved Lærdal sjukehus, blir utlyst medio februar

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og meldingar var utsendt til styret:**

- Årleg melding 2021 for Helse Førde HF (oppdatert)
- Samhandlingsnytt desember 2021
- Vedtekter Helse Førde HF (sist endra 08.12.2021)
- Oppdragsdokument 2022 Helse Vest RHF

Følgjande skriv og meldingar var ettersendt til styret:

- Høyringssvar frå Høgskulen på Vestlandet til utviklingsplanen, datert 25.01.2022
- Årsmelding 2021 frå Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

Ref. Berit Irene Haarklau
28.01.2022

Anne Sissel Faugstad	Fung. styreleiar
----------------------	------------------

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
-----------------------	--------

Thomas Vingen Vedeld	Medlem
----------------------	--------

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

Lena Thorsnes	Medlem
---------------	--------

Randi Aven	Medlem
------------	--------

Ole-Magnus Kapstad	Medlem
--------------------	--------

Kari Sunde Kvile	Medlem
------------------	--------